Voss herad

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

2026-2030

Revisjon av handlingsplan, høyringsutkast

Kommunale råd, 27.04.27

Prosjektleiar, Vilde Eikeset

Agenda

- Kva meiner me med vald i nære relasjonar
- Plikt til å handla
- Mål, strategiar og tiltak
- Høyringsprosess
- Spørsmål eller innspel?

Voss herad

Kva meiner me med vald i nære relasjonar

- Vald i nære relasjonar omfattar gjentekne handlingar av fysisk, psykisk, seksuell, digital og økonomisk vald mellom personar som står kvarandre nær. Valden kan koma frå ein noverande eller tidlegare partnar, som kjærast, sambuar eller ektefelle, men også frå andre nære relasjonar som føresette, barn, sysken eller andre familiemedlem. Vald mot familiens kjæledyr kan òg vera ein del av valdsbiletet.

- Å vera vitne til vald mellom foreldre eller andre nære omsorgspersonar vert òg rekna som vald i nære relasjonar.

Voss herad

Plikt til å handla

- Alle har ei plikt til å handla når ein får kjennskap til vald i nære relasjonar.
- Voss herad skal førebyggja, avdekka og avverga vald og seksuelle overgrep i tråd med gjeldande lovverk, mellom anna straffelova, barnevernlova, krisesenterlova og helse- og omsorgstenestelova.
  Heradet har ansvar for å sikra forsvarlege tenester og nødvendig samarbeid om barn, familiar og sårbare personar. I saker som gjeld barn, skal barnet sitt beste vera eit grunnleggjande omsyn.



Status

- Bredt førebyggande tilbod, særleg gjennom Kommunedelplan tidleg innsats og livsmeistring.
- Varierande og dels låg kompetanse i organisasjonen, system og struktur for kompetanseheving er varierande og lite samordna.
- Gode strukturar å byggje vidare på: TryggEst, Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) og konsultasjonsteam.
- Behov for auka synleggjering av tilbod og avvergingsplikta.

Voss herad

Mål og strategiar

KOMMUNEPLAN

Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap
Voss herad er ein berekraftig kommuneorganisasjon, økonomisk robust med tenester på rett nivå

DELMÅL

Hindra at innbyggjarar utsetjast for vald i nære relasjonar

Valdsutsette og valdsutøvarar får rett hjelp tidleg

STRATEGIAR

- Styrkt førebygging
- Samordna innsats
- Styrkt kompetanse
- Tilgjengeleg, tydeleg og synleg informasjon

VOSS

Voss herad

Strategi 1.1: Styrkt førebygging av vald og overgrep i nære relasjonar

- Innsatsen skal vera retta mot barn, familiar og vaksne i sårbare situasjonar
- Styrkt livsmeistring, sosial tilhøyrsle og psykisk helse
- Auka kunnskap i befolkninga, bidreg til tidleg avdekking og at fleire søkjer hjelp

Tiltak:

- Vidareføra at barnehagar og skular skal sikra at vald, grenser, kropp, kjensler og tryggleik er ein del av tema i tråd med rammeplanar og førande dokument. Heradet skal ha eit felles system for undervisningsopplegg som sikrar samordna og lik praksis.

Refleksjonsspørsmål: Ser de grupper som lett fell utanfor førebyggande arbeid i dag?

Voss herad

Tidleg innsats og livsmeistring

Kommunedelplan

2024 - 2034

Voss herad

Strategi 2.1: Samordna innsats for tidleg avdekking og rett hjelp tidleg

- **TryggEst** er eit sentralt verkemiddel for å avdekka og handtera vald mot sårbare vaksne, mellom anna eldre, personar med funksjonsvariasjonar, psykiske/somatiske sjukdomar eller aktiv rus.
- **Betre Tverrfagleg Innsats** legg til rette for samhandling mellom tenestene når det er uro eller bekymring.
- **Konsultasjonsteamet** er også viktig når det gjeld råd og rettleiing ved mistanke om vald eller overgrep mot barn eller personar med utviklingshemming.

Tiltak:

- Vurdere etablering av samtalegruppe for valdsutsette på Voss, i samarbeid med fagpersonar og frivillige.
- Inngå samarbeidsavtalar og utarbeide rutinar med relevante eksterne aktørar for koordinert prioritering og handtering av TryggEst-saker.
- Vurdere etablering av samtalegruppe for valdsutsette på Voss, i samarbeid med fagpersonar og frivillige.
- Synleggjere TryggEst for å sikra god kunnskap og bruk både internt og hjå eksterne samarbeidspartnarar.
- Utvikling og etablering av eit familieteam som kan ta vare på ungdommar og familiar 24/7 i akuttfasen.
- Etablere samarbeid med ulike fagmiljø som tilbyr spesialisert behandling og oppfølging av valdsutøvarar.
- Vidareføra konsultasjonsteamet som tverrfagleg arena for rådgjeving og samarbeid.
- Vidareføra samarbeidsavtalen med Krisesenteret i Bergen og omegn, og sikra ei strukturert og koordinert overgang frå krisesenter til heradet.
- Etablere fast stillingsprosent for TryggEst-koordinator i drift.

Refleksjonsspørsmål: Opplever de at manglande samordning kan føre til at personar fell mellom tenester og ikkje får rett hjelp?

Kan avdekkja seks gongar så mykje vald og overgrep i heradet

NYTT TILBOD: No har Voss herad oppretta eit nummer der du kan ringa for å melda frå om vald og overgrep. Frå venstre: medlem i leiargruppa Agnete Hommedal Gilbakken, konsulent Line Førde og sjukepleiar Astrid Gjelsvik. Foto: Andrea Bergsland

Av Andrea Bergsland

Publisert: 12.06.23 17:00

Del

I dag byrja Voss herad med programmet TryggEst. Dette skal vera eit lågterskeltilbod for å melda frå om vald og overgrep i nære relasjonar.

Voss herad

Strategi 2.2: Styrkt kompetanse om vald i nære relasjonar

- Kompetanse som gjer tilsette i stand til å avdekkja vald, også hjå sårbare grupper
- Systematisk kompetanseheving
- Praktisk opplæring og forståing av valdsfenomenet

Tiltak:

- Alle relevante avdelingar skal gjennomføre årleg kompetanseheving og utarbeide eige årshjul for gjennomføringa. Det skal nyttast fagleg anerkjende former for kompetanseheving.
- Etablere og gjennomføre eit årleg, fast kurs for frivillige om melde- og avverjeplikt i regi av Frivilligbørsen. Kurset skal òg gje oversikt over relevante lokale hjelpetilbod.
- Etablere og jamleg revidere sektorovergripande rutinar og samle desse i eit felles fagtema for å sikra samordna praksis og unngå dobbeltarbeid.
- Etablere rutine som klargjer heradet si rolle, ansvar og samhandling ved bruk av omvendt valdsalarm, i samarbeid med politiet.
- Inkludera informasjon om at avvergingsplikta går føre teieplikta i teiepliktsskjema som gjeld for alle tilsette.
- Vidareføra og styrkje rutinemessige spørsmål om vald og overgrep i relevante samtalar.
- Vidareføring av samarbeidsavtale med Nok. Bergen.

Refleksjonsspørsmål: Opplever de at manglande eller ulik kompetanse påverkar kvalitet eller tryggleik i møte med desse sakene?

Voss herad

Strategi 2.3: Tilgjengeleg, tydeleg og synleg informasjon

- Tydleg, synleg og målgruppetilpassa informasjon om hjelpetilbod
- Synleggjering av meldeplikt og avverjeplikt
- Fleire kommunikasjonskanalar
- Trygg og anonym tilgang til informasjon der det er nødvendig

Tiltak:

- Etablere fast formidling av informasjon om melde- og avverjeplikta på alle kommunale infoskjermar, og koordinere at same informasjon blir vist på infoskjermar hjå relevante private og frivillige aktørar.

Refleksjonsspørsmål: Korleis sikrar me at informasjon også når dei som ikkje er digitale, eller som treng særleg tilrettelegging?

KI

Voss herad

Høyringsprosess

- Innspel kan gjevast i møtet eller gjennom høyringsuttale. Høyringsfrist: **29. april.**



Spørsmål eller innspel?